

Høyringsvar, innspel til budsjett 2025: «Opningstider og feriestengt SFO»

- Som tilsett (lege) på sjukehuset i Ålesund i 100 % stilling er det praktisk talt umogleg å rekkje heim til eit SFO-tilbod som stengjer klokka 16:00, når arbeidstida er 0800-1600. Skal ein til dømes bu på Hareid, og ha eit av dei to sjukehusa i området som arbeidsplass, er dette ikkje kompatibelt med eit liv med eit skuleborn. Sjukehusa våre er blant dei største arbeidsplassane i fylket.
- Generelt sett er det 52,8 % (i 2023) av dei som bur i Hareid som er sysselsett i ein annan kommune. Tala i seg sjølv indikerer at fleirtalet (!) av yrkesaktive faktisk pendlar ut av kommunen. Med andre ord er truleg majoriteten av foreldra pendlarar.
- Jfr feriestengt SFO: Det er svært få som har 8 veker lang sommarferie. I samfunnet vårt er det mange i samfunnskritiske jobbar, og dei fleste i desse stillingane må jobbe både sommar og høgtid, utan moglegheit til å påverke eiga arbeidstid. Eit slikt marginalt SFO-tilbod gjer at det er færre som kan dekkje desse samfunnskritiske oppgåvene i mangel på barnepass. I ein liten kommune som Hareid er det i utgangspunktet vanskeleg å til dømes rekruttere adekvat personell til helsevesenet. Dersom sommartilbodet med SFO fell bort, bør ein i det minste sjå om ein kan få på plass eit tilbod for dei borna med foreldre som har samfunnskritiske jobbar.
- Hareid kommune er no aggressiv i marknadsføringa for å få unge til busetje seg på Hareid, i sær for å generere meir skatteinntekter. Men kven vil bu ein plass der det i ikkje er tilrettelagt for at foreldre skal vere i jobb? For familiar der pendling er naudsynt, kan dette i verste fall føre til at ein flyttar ut av kommunen til ein kommune med meir familievenlege ordningar.

Med venleg helsing Helga Nødland Gjerde, mor til ein spent skulestartar ved Hareid skule august 2025